

Einar Lygre
 Dordihaugen 4
 5955 Lindås
 Tlf.: 906 81 945
 ePost: einar.lygre@bkkfiber.no

Lindås kommune
 Postmottak
 Kvernhusmyrane 20
 5914 Isdalstø

Lindås 11.desember 2015

Etterlysing av kommunen sitt svar på sak 15/407 - Førebygging av skade etter store nedbørmengder på gard nr. 108 b.nr. 3, Søre Apalbakken, Lindås

Denne saka vart journalført 2.februar 2015, men er ikkje lenger søkbar for meg på nettet!

I saka vert det vist til flaum i Presteelva i 2013. Hausten 2014 held Presteelva på nytt å gå over bruene, men nedbøren minka så pass at det ikkje hende.

No har vi på nytt hatt store nedbørmengder i følgje med stormen «Synne». Han nådde ikkje skikkeleg hit - heldigvis - , men ville utan tvil ha gjort endå større skade enn i 2013 om han hadde slått til for fullt her. Vi følgde godt med.

Heile saka trur eg er bra framstilt i det opphavelige brevet frå meg og Hans-Jakob Låstad Lygre frå 30.januar 2015, og folk frå kommunen har dessutan vore og sett på tilhøva eit par gongar. Etter fleire telefonsamtalar med sakshandsamarar i kommunen ser det ut som om kommunen har vanskar med å plassera saka i rett avdeling. Minner då om at det eldste brevet eg har funne på saka er frå 1961 og var adressert til Jordstyret. Kopi av brevet ligg som vedlegg til saka.

Med dei voldsomme endringane vi har hatt i nedbørsintensitet dei siste åra er det all grunn for kommunen å ta tak i saka snarast. Med litt meir nedbør neste gong vil vi truleg ikkje kunna hindra at vatnet fyller kjellaren til naboen min, Jørgen Øvstegård. Gardsvegen vil heller ikkje kunne nyttast slik som i dag, både som gardsveg og turveg, utan større reparasjonar. Viser då også til Naturskadefondet sin skadeerstatning på 33.000 kr + moms.

Eg ventar no at saka ikkje vert liggjande i ro eller berre vert flytta frå avdeling til avdeling hjå kommunen.

Med venleg helsing

Einar Lygre

LINDÅS KOMMUNE	
14. 12. 2015	
15/407	